

GEBYRREGULATIV FOR TEKNISKE TENESTER I HEMSEDAL KOMMUNE

Utarbeidd etter KS sin gebyrmaal

FORSKRIFT OM GEBYR VEDTEKE AV KOMMUNESTYRET MED HEIMEL I:

§ 33-1 i plan og bygningsloven av 1. juli 2009

§§ 30, 32 med tilhøyrande forskrift §§ 16, 17 i lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) av 17. juni 2005 nr 101

§ 7 i lov om eigarseksjonar av 20. mars 1997

§ 11-4 i forskrift av 1. juni 2004 til forureiningsloven om utslepp frå mindre avløpsanlegg (Jf. forureiningsloven § 52 a)

TILLEGG

Forskrift om gebyr for behandling av konsesjonssaker etter lov av 28. nov nr. 2003 om konsesjon ved erverv av fast eigedom og søknader om delingsløyve etter lov om jord av 12. mai 1995 nr. 23 § 12, sjå avsnitt 7.

Honorar for andre oppgåver som kommunen yter ut over den allminelege plikta til å rettleie.

REGULATIVET ERSTATTAR TIDLEGARE GJELDANDE REGULATIV OG GJELD SAKER
MOTTATT FRÅ OG MED 01.01.2012.

Vedteke av Hemsedal kommunestyre, den 08/12 – 2011 - sak 149/11

INNHOLD

GEBYRREGULATIV FOR TEKNISKE TENESTER I HEMSEDAL KOMMUNE.....	1
1 GENERELLE REGLAR.....	4
1.1 BETALINGSPLIKT	4
1.2 KVA FOR REGULATIV SKAL NYTTAST	4
1.3 BETALINGSTIDSPUNKT	4
1.4 URIMELEGE GEBYR.....	4
1.5 FRITAK FOR GEBYR.....	5
1.6 KLAGE	5
1.7 AVBROTE ARBEID	5
1.8 ENDRING AV REGULATIVET ELLER GEBYRSATSANE	5
1.9 GEBYR TIL STATLEGE ETATAR	5
2 ATTESTAR O.L., OG TENESTER SOM SKAL BETALAST ETTER MEDGÅTT TID....	6
2.1 ATTESTAR O.L.....	6
2.2 TIMEPRIS.....	6
3 GEBYR FOR ARBEID ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA (§ 33-1)	7
3.1 KART OG EIGEDOMSOPPGÅVER KAP 2 (§ 2-1)	7
3.1.1 <i>Situasjonskart</i>	7
3.1.2 <i>Forenkla situasjonskart</i>	7
3.1.3 <i>Eigedomsoppgåve med kartvedlegg</i>	7
3.1.4 <i>Kart til plan-, prosjekterings- og dokumentasjonsarbeid</i>	7
3.2 PLANSAKER (KAP 12 § 12-3).....	7
3.2.1 <i>Planavklaringsmøte (pr. møte)</i>	7
3.2.2 <i>Privat forslag til detaljregulering (plbl §12-3 , eller endring av gjeldande utbyggings- eller reguleringsplan (plbl §§ 12-14)</i>	7
3.2.3 <i>Fornya søknad</i>	8
3.2.4 <i>Søknad om planendring og tomtedelingsplan (plbl § 12-14)</i>	8
3.2.5 <i>Konsekvensutgreiing (plbl kap 4, § 4-2 og kap.14)</i>	8
3.3 TILTAKSSAKER (BYGGE- OG ANLEGGSSAKER)	8
3.3.1 <i>Førehandskonferanse (plbl § 20-1 a)</i>	8
3.3.2 <i>Søknader utan krav om ansvarsrett (plbl § 20-2)</i>	8
3.3.3 <i>Lokal godkjenning av føretak m.v. for ansvarsrett (plbl §§ 23-4,23-5 og 23-6)</i>	9
3.3.4 <i>Dispensasjon (plbl kap.19 ,§ 19-1)</i>	9
3.3.5 <i>Søknadspliktig tiltak (plbl § 20-1)</i>	9
3.3.6 <i>Endringar i høve til gitt løyve eller registrert melding</i>	10
3.3.7 <i>Handsaming av avvik</i>	10
3.3.8 <i>Midlertidig bruksløyve</i>	10
3.4 REFUSJONSSAKER (KAP. 18)	10
3.4.1 <i>Planbehandling og refusjonsvedtak (§§ 18-8)</i>	10
3.4.2 <i>Kostnadskontroll og fastsetjing av kostnadsdelinga (§ 18-9)</i>	10
3.5 ULOVLEGE BYGGEARBEID (KAP. 32)	10
3.6 OVERTREDELSESGBYR (STRAFFEGBYR) JF. PBL § 32-8 OG §§ 16-1 OG 16-2 I BYGGESAKSFORSKRIFTEN.	11

4	GEBYR FOR ARBEID ETTER MATRIKKELLOVA.....	12
4.1	OPPRETTING AV MATRIKKELEINING.....	12
4.1.1	<i>Oppretting av grunneigedom.....</i>	<i>12</i>
4.1.2	<i>Matrikulering av eksisterende umatrikulert grunn</i>	<i>12</i>
4.1.3	<i>Oppmåling av tilleggsareal grunn til eigarseksjon.....</i>	<i>12</i>
4.1.4	<i>Oppretting av anleggseigedom.....</i>	<i>12</i>
4.1.5	<i>Registrering av jordsameige.....</i>	<i>13</i>
4.2	OPPRETTING AV MATRIKKELEINING UTAN FULLFØRT OPPMÅLINGSFORRETNING	13
4.2.1	<i>Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering</i>	<i>13</i>
4.3	GRENSEJUSTERING	13
4.3.1	<i>Grunneigedom, festegrunn og jordsameige.....</i>	<i>13</i>
4.3.2	<i>Anleggseigedom.....</i>	<i>13</i>
4.4	AREALOVERFØRING.....	13
4.4.1	<i>Grunneigedom, festegrunn og jordsameige.....</i>	<i>13</i>
4.4.2	<i>Anleggseigedom.....</i>	<i>14</i>
4.5	KLARLEGGING AV EKSISTERANDE GRENSE DER GRENSA TIDLEGARE ER KOORDINATFESTA VED OPPMÅLINGSFORRETNING.....	14
4.6	KLARLEGGING AV EKSISTERANDE GRENSE DER GRENSA IKKJE TIDLEGARE ER KOORDINATFESTA / ELLER KLARLEGGING AV RETTAR	14
4.7	PRIVAT GRENSEAVTALE	14
4.8	TIME PRIS FOR MEDGÅTT TID.....	14
4.9	ENDRINGAR I GRUNNLAGET FOR MATRIKKELFØRING AV EI SAK	14
4.10	UTSKRIVING AV MATRIKKELBREV	15
4.11	TIDSFRIST FOR GJENNOMFØRING AV SAKER.....	15
4.12	BETALINGSVILKÅR	15
5	GEBYR FOR ARBEID ETTER LOV OM EIGARSEKSJONAR (§ 7)	16
5.1	KRAV OM SEKSJONERING ELLER RESEKSJONERING AV EIN EIGEDOM.....	16
5.2	UTARBEIDING AV MATRIKKELBREV FOR TILLEGGSAREAL GRUNN SOM ER DEL AV EIN SEKSJON.....	16
5.3	NY BEHANDLING AV AVSLÅTT SØKNAD	16
6	GEBYR FOR ARBEID ETTER FORSKRIFT OM UTSLEPP FRÅ MINDRE AVLAUPSANLEGG (§ 11-4).....	17
6.1	BEHANDLING AV SØKNAD OM LØYVE	17
6.2	NY BEHANDLING AV SØKNAD OM OMGJERING AV LØYVE	17
6.3	NY BEHANDLING AV AVSLÅTT SØKNAD.....	17
6.4	UTSLEPP SOM IKKJE ER GODKJENT	17
6.5	KONTROLLGEBYR/TILSYNSGEBYR	17
7	FORSKRIFT OM GEBYR FOR BEHANDLING AV KONSESJONS- OG DELINGSSAKER AV 14. DES. 2011.....	18
8	HONORAR FOR ANDRE OPPGÅVER	19
8.1	HONORAR FOR GJØDSELPLANLEGGING	19
8.1.1	<i>Årlig oppdatering</i>	<i>19</i>
8.2	HONORAR FOR TEKNISK PLANLEGGING I LANDBRUKET.....	19
8.3	HONORAR FOR INFORMASJONSOPPGÅVER TIL EIGEDOMSMEKLARAR.....	19

1 GENERELLE REGLAR

1.1 Betalingsplikt

Den som får utført tenester etter dette regulativet, skal betale gebyr i samsvar med satsane og retningslinene i regulativet. Gebyrkravet skal rettast mot tiltakshavar, rekvirent eller den som har bede om å få utført aktuelt arbeid.

Saksgebyr skal betalast sjølv om søknaden blir avslått.

Kommunen skal av eige tiltak betale tilbake det rekvirenten måtte ha til gode. Det same gjeld der kommunen ved feil har kravd og motteke for mykje i gebyr.

Gebyr skal vera betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato. Ved for sein betaling kan kommunen krevje eit purregebyr på 10 % av rettsgebyret. Må kommunen purre fleire gonger, skal kommunen i tillegg til purregebyr krevje morarente i samsvar med morarentelova frå forfallsdato.

Det kan ikkje krevjast rentetillegg ved for mykje betalt gebyr.

1.2 Kva for regulativ skal nyttast

Gebyra skal reknast ut etter det regulativet som gjeld den datoen kommunen tok imot ei tilfredsstillande melding, søknad, eller rekvisisjon.

1.3 Betalingstidspunkt

Før kommunen skriv ut bruksløyve eller ferdigattest, skal tilhøyrande gebyr vera betalt. Likeeins skal gebyr etter matrikkellova, aktuelle tinglysingsgebyr og dokumentavgift vera betalt før melding om oppretting av matrikkeleining blir sendt til Statens kartverk - tinglysingen.

For søknadssaker kan kommunen krevje at tilhøyrande gebyr skal vera betalt før saksbehandling tek til. For saker som skal betalast etter medgått tid og utlegg til sakkunnig hjelp, skal kommunen ved forskottsbetaling skrive ut eit førebels gebyr i samsvar med gitt overslag. Når kommunen sitt arbeid er fullført, skal kommunen rekne ut det endelege gebyret og skrive ut tilleggsrekning eller betale attende for mykje betalt gebyr.

Også for andre arbeid kan kommunen krevje at gebyret er betalt før kommunen sitt arbeid tek til. For arbeid som skal betalast etter brukte timeverk, skal kommunen ved krav om førehandsbetaling stipulere gebyret. Til vanleg bør gebyr som skal reknast ut etter brukte timeverk og kommunen sine utlegg til sakkunnig hjelp, bli utskrive i ettertid.

Ved store oppdrag kan kommunen skrive ut rekning på utførte deler av arbeidet, men ikkje oftare enn månadsvis.

Klage på fastsetjinga av eit gebyr eller avgjerd av søknad om heilt eller delvis fritak for å betale gebyr, medfører ikkje forlenga betalingsfrist.

1.4 Urimelege gebyr

Dersom eit gebyr er openbart urimeleg i høve til dei prinsipp som er lagt til grunn, det arbeidet og dei kostnadene kommunen har hatt, kan rådmannen eller den som han/ho gjev fullmakt, av eige tiltak fastsetje eit høveleg gebyr.

Fullmaktshavar kan under same føresetnad og med bakgrunn i grunnlagt søknad frå den som har fått krav om betaling av gebyr, fastsetje eit redusert gebyr.

1.5 Fritak for gebyr

Når særlege *grunnar tilseier*¹ det, kan kommunen etter kommunalt fastsette retningsliner heilt eller delvis gje fritak for betaling av gebyr til kommunen i ei konkret sak.

1.6 Klage

Fylkesmannen er klageinstans for enkeltvedtak gjort i medhald av dette regulativet for gebyr etter plan- og bygningslova og forureiningslova. Kommunal klagenemnd er klageinstans for tilsvarande gebyrvedtak etter matrikkel- og eigarseksjonslova.

1.7 Avbrote arbeid

Når ein tiltakshavar/rekvirent er årsak til at kommunen sitt arbeid blir avbrote, skal det betalast gebyr etter pkt. 2.2 i høve til det som er utført eller det som kommunen må utføre.

1.8 Endring av regulativet eller gebyrsatsane

Kommunestyret vedtek endringar av gebyrregulativet, normalt i samband med kommunestyret si behandling av budsjettet for komande år.

Dersom kommunestyret ikkje gjer vedtak om anna regulering av satsane, skal administrasjonen med verknad frå 1. januar kvart år regulere satsane etter utviklinga i konsumprisindeksen frå oktober førre år til oktober siste år. Ved nemnde regulering skal ein avrunde satsar frå kr 50 og oppover til heile 10 kroner.

1.9 Gebyr til statlege etatar

Der kommunen skal krevje inn gebyr til statlege etatar for saker etter dette regulativet, skal utskriving og innkrevjing av kommunale og statlege gebyr skje samordna.

¹ *Særlege grunnar* kan vere *tiltaksorientert* eller *tiltakshavarorientert*. Eksempel på ein tiltaksorientert sak er: Melding/søknad som gjeld eit freda eller verneverdig kulturminne. Eksempel på tiltakshavarorientert forhold er: Tiltakshavar si betalingsevne eller samfunnsfunksjonar for eksempel ein humanitær organisasjon. Generelt bør kommunen sine inntekter og utgifter førast i kommunerekneskapet der dei høyrer heime. Dersom kommunen ettergir krav på gebyr i vernesaker, bør dette i kommunerekneskapet kome til uttrykk som kommunalt tilskot til kulturvernet. Og tilsvarande ved tiltaksorientert ettergjeving av gebyr: som sosialutgifter eller tilskot til organisasjonar.

2 ATTESTAR O.L., OG TENESTER SOM SKAL BETALAST ETTER MEDGÅTT TID

2.1 Attestar o.l.

For attestar o.l., som kommunen kan krevje gebyr for i medhald av plan- og bygningslova og som ikkje er spesifisert i regulativet for den einkilde lova, er gebyret:

- a. For registerutskrift, ekstra protokollutskrift, for attest o.l. der alle relevante opplysningar er tilgjengelege ved kontoret: kr. 470,-
- b. For attest m.v. som krev synfaring eller skriftleg innhenting av data: kr. 1.900,-
- c. For register- eller protokollutskrift og attest som krev meir enn eit halvt timeverk, kan kommunen krevja gebyr etter medgått tid og satsar i pkt. 2.2.

2.2 Timepris

For gebyr som skal reknast ut etter medgått tid, jf. regulativet, skal det nyttast følgjande timesatsar:

- d. Kontorarbeid: kr. 935,-
- e. Feltarbeid (einskildperson), inkl. reise: kr. 1.080,-

3 GEBYR FOR ARBEID ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA (§ 33-1)

3.1 Kart og eigedomsoppgåver kap 2 (§ 2-1)

3.1.1 Situasjonkart

Datert og signert kartutsnitt i A4 – A0 i samsvar med gjeldande standard og bestilling, som tilfredstiller krav til prosjektering og søknad om byggetiltak. Vedlagt følgjer nabooversikt og utsnitt av gjeldande reguleringskart og føresegner. Kr. 935,-

3.1.2 Forenkla situasjonkart

Datert og signert kartutsnitt i A4 – A0 i samsvar med gjeldande standard og bestilling, som tilfredstiller krav til prosjektering og søknad om byggetiltak. Vedlagt følgjer nabooversikt. Kr. 470,-

3.1.3 Eigedomsoppgåve med kartvedlegg

For utarbeiding av eigedomsoppgåve og tilhøyrande kopi av kommunalt kart som syner kvar aktuelle eigedomar ligg, skal det reknast gebyr etter medgått tid (pkt. 2.2).

3.1.4 Kart til plan-, prosjekterings- og dokumentasjonsarbeid

Salspris for digitale kart skal vere i samsvar med gjeldande avtale inngått med Statens kartverk med fleire (GEOVEKST-avtala).

3.2 Plansaker (Kap 12 § 12-3)

3.2.1 Planavklaringsmøte (pr. møte)

- a. Oppstartsmøte med representantar frå administrasjonen: kr. 2.835,-

Der det innan eit år kjem søknad om godkjenning i same sak, skal betalt gebyr for første planavklaringsmøte koma til frådrag i basisgebyret etter pkt. 3.2.2.

3.2.2 Privat forslag til detaljregulering (plbl §12-3 , eller endring av gjeldande utbygging- eller reguleringsplan (plbl §§ 12-14)

Basisgebyret² for handsaming av nye planer fram til 1. gongs handsaming:

- a. Enkel plan kr. 39.270,-

² Basisgebyret er eit fast gebyr til dekking av kommunen sine gjennomsnittskostnader med ein søknad som er fullstendig frå søkjar si side, fram til saka er ei "offentleg" plansak. Basisgebyret inneheld og dekking av eksterne utgifter til planmateriell for kunngjering av endeleg plan.

- | | |
|--------------------|--------------|
| b. Samansett plan | kr. 48.510,- |
| c. Komplisert plan | kr. 56 600,- |

Gebyr blir fastsett ut frå omfanget av interessene ei plan utløyer, dvs planen sin kompleksitet. Administrasjonssjefen, eller den han/ho har gitt fullmakt, fastset planen sin kompleksitet.

Definisjonar:

Enkel plan – plan for eit område der det er få offentlege interesser og få nabointeresser.

Samansett plan – plan for eit område der det må planavklarast i forhold til fleire offentlege og private interesser og/eller med nabointeresser.

Komplisert plan – plan med mange samansette arealkonfliktar og behov for avklaringar.

3.2.3 Forny søknad

Dersom det innan eitt år blir innsendt fornya søknad for plan som er nekta fremja, skal det betalast halvt basisgebyr (pkt. 3.2.2).

3.2.4 Søknad om planendring og tomtedelingsplan (plbl § 12-14).

For søknad om endring av godkjent plan, skal det betalast følgjande gebyr:

- | | |
|----------------------------------------------------|--------------|
| a. Vesentleg endring | kr. 33.200,- |
| b. Mindre vesentleg endring eller tomtedelingsplan | kr. 12.300,- |

3.2.5 Konsekvensutgreiing (plbl kap 4, § 4-2 og kap.14)

Der kommunen skal godkjenne konsekvensutgreiing utført på vegne av tiltakshavar, skal det betalast gebyr etter medgått tid (pkt. 2.2) og for utlegg som kommunen måtte ha hatt til sakkunnig hjelp.

Minstegebyr for kvart utgreidd tilhøve (jf. tabell I og II i forskrifta) kr. 3.800,-

3.3 Tiltakssaker (bygge- og anleggssaker)

Der melding eller søknad er mangelfull og krev meirarbeid skal gebyr aukast med 20%. Dvs. saker der kommunen må be om tilleggsdokumentasjon og/eller må på synfaring. Dette gjeld òg saker der estetikk er dårleg dokumentert.

3.3.1 Førehandskonferanse (plbl § 20-1 a)

- | | |
|-----------------------------------------------------|-------------|
| a. Søknadssak – middels tung sak (tiltaksklasse 2): | kr. 935,- |
| b. Søknadssak – komplisert sak (tiltaksklasse 3): | kr. 1.430,- |

Der det innan eitt år kjem melding eller søknad om godkjenning i same sak, skal saksgebyret reduserast med betalt gebyr for førehandskonferanse.

3.3.2 Søknader utan krav om ansvarsrett (plbl § 20-2)

- | | |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------|
| a. Sak som krev oppdatering av matrikkelen eller anna offentlig register:
Eit tiltak som i praksis krev om lag like mykje i sakshandsaming/ arbeid, må kunne samanliknast med pkt.3.3.5.2. i arbeidsomfang. Pris framleis moderat ifht andre kommunar. Gjeld garasje, landbruksbygg eller tilbygg under 50 kvm – utan ansvarsrett. | kr. 3.675,- |
| b. Sak som ikkje krev oppdatering av matrikkelen eller anna offentlig register: | kr. 2525,- |

3.3.3 Lokal godkjenning av føretak m.v. for ansvarsrett (plbl §§ 23-4,23-5 og 23-6)

For behandling av ein søknad:

- | | | |
|----|----------------------------------------------------------|-------------|
| a. | 1. gongs godkjenning samt utviding av godkjenningsområde | kr. 1.900,- |
| b. | Seinare godkjenning utan utviding av godkjenningsområde | kr. 470,- |
| c. | Godkjenning av føretak som har sentral godkjenning | kr. 250,- |

3.3.4 Dispensasjon (plbl kap.19 ,§ 19-1)

For handsaming av søknad om dispensasjon:

- | | | |
|----|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------|
| a. | Dispensasjon frå kommuneplan, reguleringsplan, utbyggingsplan eller føresegner i plan- og bygningslova i saker som skal på ekstern høyring og/eller politisk behandling | kr. 8.540,- |
| b. | Dispensasjon i saker som ikkje skal på ekstern høyring | kr. 2835,- |

Gebyr for dispensasjon kjem i tillegg til saksgebyr.

3.3.5 Søknadspликтig tiltak (plbl § 20-1)

Opprekninga av tiltak under 3.3.5 er ikkje uttømmmande. Kommunen fastset i alle søknadssaker kva punkt i regulativet gebyret skal reknast ut etter.

Faste gebyr føreset at søknaden er i samsvar med førehandsgodkjende tekniske løysingar. Der dette ikkje er tilfelle, skal gebyra reknast ut etter medgått tid og kommunen sine utlegg til fagkunnig hjelp. I desse sakene skal fastgebyret vera minstegebyr.

Saksgebyr for konstruksjon, anlegg og vesentlege terrenginngrep, som er ein integrert del av ein byggesøknad, er medrekna i saksgebyret.

3.3.5.1 Delingssøknad (plbl 20-1 bokstav m)

For søknad som er samordna med annan tiltakssøknad, f.eks. byggesøknad, skal gebyret vera 75% av satsane nedanfor.

Søknad i:

- | | | |
|----|---------------------------------------------------------------------------|------------|
| a. | Samsvar med grenser fastsett i godkjent regulerings- eller utbyggingsplan | kr. 935,- |
| b. | Uregulerte områder eller der grenser ikkje er fastsett i plan | kr. 1910,- |

For søknad til føremål som ikkje er i tråd med plan og som skal handsamast som dispensasjon skal det betalast gebyr etter pkt. 3.3.4.

3.3.5.2 Bustadbygning og fritidsbustad for første buening:

- | | | |
|----|-----------------------|-------------|
| a. | Nybygg bustad: | kr. 8.085,- |
| b. | Nybygg fritidsbustad: | kr. 9.450,- |
| c. | Tilbygg over 50 kvm: | kr. 4.725,- |

Der bygningen har fleire bueningar skal det betalast følgjande tillegg per eining:

- Bueining nr. 2 til og med nr 5: 30 % av satsane i tabellen.
- Frå og med bueining nr. 6 og for hybel : 15 % av satsane i tabellen.

3.3.5.3 Søknadspликтige småhus (garasje, uthus, anneks):

- | | | |
|----|----------|-------------|
| a. | Nybygg: | kr. 4.725,- |
| b. | Tilbygg: | kr. 2.385,- |

3.3.5.4 Andre bygningar, nybygg og tilbygg:

BRA inntil 100 m2:	kr. 7.130,-
a. Tillegg pr. påbegynt 100 m2 BRA	kr. 1.900,-

3.3.5.5 Andre tiltak (plbl § 20-1):

a. Midlertidig/transportabel: bygning eller konstruksjon (plbl § 20-1 bokstav a):	kr. 2.385,-
b. Fasadeendring m.v. (plbl § 20-1 bokstav b) og c):	kr. 2.385,-
c. Bruksendring m.v. (plbl § 20-1 bokstav d):	kr. 2.385,-
d. Riving av bygning, konstruksjon eller anlegg (plbl § 20-1 bokstav e):	kr. 2.385,-
e. Oppdeling eller samanslåing av brukseining (plbl § 20-1 bokstav g):	kr. 3.800,-
f. Innhegning mot veg, skilt eller reklameinnretning (plbl § 20-1 bokstav h) og i):	kr. 890,-
g. Vesentlege terrenginngrep, veg/p-plass (plbl § 20-1 bokstav k). Minstegebyr:	kr. 2.385,-

For bygg og tiltak etter plan og bygningslova, som ikkje fell inn under punkta ovanfor, skal gebyr fastsetjast etter medgått tid (pkt. 2.2) og for utlegg til fagkunnig hjelp. Minstegebyr: kr. 935,-

3.3.6 Endringar i høve til gitt løyve eller registrert melding

For endringsforslag skal det betalast gebyr etter medgått tid (pkt. 2.2). Minstegebyr: kr. 935,-

3.3.7 Handsaming av avvik

For handsaming av avvik er gebyret per handsama avvik: kr. 2.385,-

3.3.8 Midlertidig bruksløyve

a. Søknad om midlertidig bruksløyve og søknad om forlenging av dette:	kr. 935,-
b. Purregebyr for ferdigattest på bakgrunn av midlertidig bruksløyve:	kr. 935,-

3.4 Refusjonssaker (kap. 18)**3.4.1 Planbehandling og refusjonsvedtak (§§ 18-8)**

Gebyr i høve til medgått tid (pkt. 2.2) og utgifter til fagkunnig hjelp. Minstegebyr: kr. 3.800,-

3.4.2 Kostnadskontroll og fastsetjing av kostnadsdelinga (§ 18-9)

Gebyr i høve til medgått tid (pkt. 2.2) og utgifter til fagkunnig hjelp. Minstegebyr: kr. 3.800,-

Kommunen kan nekte å starte arbeid etter 3.4.2 til gebyr for arbeida som inngår i 3.4.1 og minstegebyret etter 3.4.2 er betalt. For gebyr som overstig minstegebyret, kan kommunen krevja betaling etter kvar avslutta etappe i saksbehandlinga.

3.5 Ulovlege byggearbeid (Kap. 32)

For kommunen sitt arbeid med behandling av ulovleg byggesaker skal det betalast eit minstegebyr på kr. (9.000,-) 9.500 . Vesentleg arbeid etter medgått tid utover minstegebyret skal fakturerast etter i pkt. 2.2 i dette regulativet. I tillegg kan kommunen krevje dekkja sine kostnader til sakkunnig bistand.

Arbeid med ulovleg byggearbeid er svært tidkrevjande med mykje telefoner, korrespondanse å møteverksemd.

3.6 Overtredelsesgebyr (straffegebyr) Jf. PBL § 32-8 og §§ 16-1 og 16-2 i byggesaksforskriften.

Foretak kan ilegges overtredelsesgebyr inntil angitte beløpsgrenser for forsettlige eller uaktsomme overtredelser som nevnt i bokstav a til g. Privatpersoner kan ilegges overtredelsesgebyr inntil halvparten av angitte beløpsgrenser for forsettlige eller uaktsomme overtredelser som nevnt i bokstav a til g. Det vert vist til gebyrsatsar heimla direkte i lova.

4 GEBYR FOR ARBEID ETTER MATRIKKELLOVA

Gebyr for arbeid etter matrikkellova (Lovas § 32, forskriftene § 16) vert fastsett som følger:

4.1 Oppretting av matrikkeleining

4.1.1 Oppretting av grunneigedom

a. areal frå 0 – 250 m ²	kr. 5.775,-
b. areal frå 251 – 500 m ²	kr. 9.240,-
c. areal frå 501 m ² – 2000 m ²	kr.13.860,-
d. areal frå 2001 m ² - auke pr. påbegynt dekar	kr. 810,-

Ved frådeling av 5 eller fleire parsellar i same forretning, skal det betalast kr 9.240,- per parsell frå fyrste parsell. Der det klart er urimeleg, skal det likevel ved areal til landbruksføremål kunne betalast etter medgått tid.

4.1.2 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn

a. areal frå 0 – 250 m ²	kr. 5.775,-
b. areal frå 251 – 500 m ²	kr. 9.240,-
c. areal frå 501 m ² – 2000 m ²	kr. 13.860,-
d. areal frå 2001 m ² - auke pr. påbegynt dekar	kr. 810,-

4.1.3 Oppmåling av tilleggsareal grunn til eigarseksjon

Gebyr for oppmåling av tilleggsareal grunn pr sak

a. areal frå 0 – 50 m ²	kr. 5.775,-
c. areal frå 51 – 250 m ²	kr. 6.930,-
d. areal frå 251 m ² – 2000 m ²	kr. 8.085,-
e. areal frå 2001 m ² - auke pr. påbegynt dekar.	kr. 580,-

4.1.4 Oppretting av anleggseigedom

Gebyr som for oppretting av grunneigedom.

a. Volum frå 0 – 2000 m ³	kr. 5.775,-
b. Volum frå 2001 m ³ – auke pr. påbegynt 1000 m ³ .	kr. 1.155,-

4.1.5 Registrering av jordsameige

Gebyr for registrering av eksisterande jordsameige vert fakturert etter medgått tid.

Minste gebyr kr. 1.155,-

4.2 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning

Viser til punkt 4.1.1, 4.1.2, 4.1.4, og 4.1.5. I tillegg kan det koma tilleggsgebyr for å utføre oppmålingsforretning

4.2.1 Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering

Det skal fakturerast 1/3 av gebyrsatsane etter punkt 4, dersom saka vert trekt før den er gjort ferdig eller at saka vert avvist eller at saka ikkje kan matrikkelførast på grunn av endringar i heimelsforhold eller av andre grunnar ikkje kan gjerast ferdig.

4.3 Grensejustering

4.3.1 Grunneigedom, festegrund og jordsameige

Ved gebyr for grensejustering kan arealet for involverte eigedomar justerast med inntil 5 % av eigedomen sitt areal. Maksimalgrensa er sett til 500 m². Det kan ikkje frådelast areal frå ein eigedom som i sum overstig 20% av eigedomen sitt areal før justeringa. For grensejustering til veg- eller jernbaneformål kan andre arealklassar gjelde.

- | | |
|-----------------------------------------|-------------|
| a. areal frå 0 – 250 m ² | kr. 3.465,- |
| b. areal frå 251 – 500 m ² . | kr. 5.775,- |

4.3.2 Anleggseigedom

For anleggseigedom kan volumet justerast med inntil 5 % av anleggseigedommen sitt volum, den maksimale grensa er satt til 1000 m³

- | | |
|----------------------------------------|-------------|
| a. volum frå 0 – 250 m ³ | kr. 3.465,- |
| b. volum frå 251 – 1000 m ³ | kr. 5.775,- |

4.4 Arealoverføring

4.4.1 Grunneigedom, festegrund og jordsameige

Ved arealoverføring skal det gjennomførast oppmålingsforretning og tinglysing. Arealoverføring utløyser dokumentavgift. Dette gjeld ikkje arealoverføring til veg- og jernbaneformål.

- | | |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------|--------------|
| a. areal frå 0 – 250 m ² | kr. 11.550,- |
| b. areal frå 251 – 500 m ² | kr. 13.860,- |
| c. arealoverføring pr. nytt påbegynt 500 m ² fører med seg ei auke av gebyret på . | kr. 3.465,- |

4.4.2 Anleggseigedom

For anleggseigedom kan volum som skal overført frå ei matrikkeleining til ei anna, - ikkje vere registrert på ei tredje matrikkeleining. Volum kan berre overført til ei matrikkeleining dersom vilkåra for samanslåing er til stades. Matrikkeleininga skal utgjera eit samanhengande volum.

- | | |
|-----------------------------------------------------------------------------------------|--------------|
| a. volum frå 0 – 250 m ³ | kr. 11.550,- |
| b. volum frå 251 – 500 m ³ | kr. 13.860,- |
| c. volumoverføring pr. nytt påbegynt 500 m ³ medfører ei auke av gebyret på. | kr. 3.465,- |

4.5 Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatfesta ved oppmålingsforretning

- | | |
|--------------------------------------------|-------------|
| a. For inntil 2 punkt | kr. 1.730,- |
| b. For overskytande grensepunkt, pr. punkt | kr. 580,- |

4.6 Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidlegare er koordinatfesta / eller klarlegging av rettar

- | | |
|----------------------------------------------------------------------|-------------|
| a. For inntil 2 punkt | kr. 3.465,- |
| b. For overskytande grensepunkt, pr. punkt | kr. 1.155,- |
| c. Gebyr for klarlegging av rettar vert fakturert etter medgått tid. | |

4.7 Privat grenseavtale

- | | |
|-----------------------------------------------------------|-------------|
| Gebyr vert fastsett etter medgått tid, og minstesatsen er | kr. 1.155,- |
|-----------------------------------------------------------|-------------|

4.8 Time pris for medgått tid

Timepris for medgått tid blir utrekna etter følgjande satsar:

- | | |
|-----------------|-------------|
| a. feltarbeid | kr. 1.155,- |
| b. kontorarbeid | kr. 925,- |

4.9 Endringar i grunnlaget for matrikkelføring av ei sak

Dersom rekvirenten under saksbehandlinga gjer endringar i grunnlaget for matrikkelføringa av saka, vert gebyret likevel oppretthalde.

4.10 Utskriving av matrikkelbrev

- | | |
|----------------------------------|-----------|
| a. Matrikkelbrev inntil 10 sider | kr. 205,- |
| b. Matrikkelbrev over 10 sider | kr. 405,- |

Endring i maksimalsatsane vert regulert av Statens kartverk i takt med den årlige kostnadsutviklinga.

4.11 Tidsfrist for gjennomføring av saker

Dersom kommunen ikkje held fristen for oppmålingsforretning eller matrikkel føring, skal gebyret avkortast etter reglane i §§ 18 og 19 i forskrift om eigedomsregistrering. Avkorting av gebyr gjeld ikkje for utskrivning av matrikkelbrev, jamfør 4. ledd. Dersom kommunen krev forskotsbetaling, skal avkorta gebyr tilbakebetalast så snart fristane er utgått. Fristane gjeld ikkje i perioden 1. oktober til 1. mai i Hemsedal kommune. I dei delar av kommunen kor nødvendig tilkomstveg er vinterstengt etter 1. mai, tek ikkje tidsfristen til å gjelde før vegen er åpna etter vinterstegning.

4.12 Betalingsvilkår

Betaling skjer etter det regulativ som gjelder på rekvisisjonstidspunktet. Dersom den som rekvirerer ynskjer å utsetje oppmålingsforretninga, vert gebyret rekna etter satsane det året oppmålinga blir gjort.

Gebysatsane inkluderer kjøregodgjøring og administrasjonsutgifter, mellom anna utskrift av grunnbok frå Norges Eiendommer.

Tinglysingsgebyr og eventuell dokumentavgift etter gjeldande sats vert lagt til gebyret.

Meirverdiavgift vert ikkje rekna ved oppkrevjing av gebyr jamfør skattedirektørens rundskriv av 6. mars 1970 til skatteinspektørane.

Gebyrregulativet vert indeksregulert kvart år, med unntak av gebyr som vert regulert av Statens kartverk.

5 GEBYR FOR ARBEID ETTER LOV OM EIGARSEKSJONAR (§ 7)

5.1 Krav om seksjonering eller reseksjonering av ein eigedom

- a. Sak som krev synfaring: **fem rettsgebyr.**
- b. Sak som ikkje krev synfaring: **tre rettsgebyr.**

5.2 Utarbeiding av matrikelbrev for tilleggsareal grunn som er del av ein seksjon

Der det inngår tilleggsareal grunn til ein seksjon, skal det i tillegg til gebyr for seksjonering/ reseksjonering etter 5.1, betalast gebyr for oppmåling av tilleggsareal grunn etter reglane i kap. 4.1.3.

5.3 Ny behandling av avslått søknad

Der fornya krav om seksjonering eller reseksjonering av eit bruksnummer eller festenummer, fører til godkjenning eller nytt avslag, skal halvparten av tidlegare betalt gebyr koma til frådrag dersom kravet kjem til kommunen innan tre månader etter dato for avslag. (Kjem nytt krav på seinare tidspunkt, skal det betalast fullt gebyr.)

Kommentar:

1 rettsgebyr pr.01.01.2006 = kr 860,-

6 GEBYR FOR ARBEID ETTER FORSKRIFT OM UTSLEPP FRÅ MINDRE AVLAUPSANLEGG (§ 11-4)

6.1 Behandling av søknad om løyve

Det skal betalast gebyr per utslepp etter følgjande satsar:

- | | |
|-----------------------------------------------------------------|--------------|
| a. Anlegg der utsleppet er kalkulert til < 15 pe: | kr. 5.640,- |
| b. Anlegg der utsleppet er kalkulert til mellom 15 og 100 pe: | kr. 15.960,- |
| c. Anlegg der utsleppet er kalkulert til mellom 100 og 1000 pe: | kr. 30.990,- |
| d. Anlegg der utslepp er kalkulert til mellom 1000 og 2000 pe: | kr. 46.010,- |

6.2 Ny behandling av søknad om omgjeriing av løyve

- | | |
|--------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------|
| a. For omgjeriing av utsleppsløyve etter søknad skal det belastast gebyr etter følgjande satsar: | |
| b. Omgjeriing av løyve der utslepp er kalkulert til < 15 pe: | kr. 2.815,- |
| c. Omgjeriing av løyve der utslepp er kalkulert til mellom 15 og 100 pe: | kr. 8.450,- |
| d. Omgjeriing av løyve der utslepp er kalkulert til mellom 100 og 1000 pe: | kr. 15.960,- |
| e. Omgjeriing av løyve der utslepp er kalkulert til mellom 1000 og 2000 pe: | kr. 23.480,- |

6.3 Ny behandling av avslått søknad

Der fornya søknad om utsleppsløyve fører til godkjenning eller nytt avslag, skal halvparten av tidlegare betalt gebyr koma til frådag dersom søknaden kjem til kommunen innan tre månader etter dato for avslag (kjem ny søknad på seinare tidspunkt, skal det belastast fullt gebyr).

6.4 Utslepp som ikkje er godkjent

For kommunen sitt arbeid med utslepp som ikkje er godkjent, skal det belastast gebyr etter medgått tid jf. Pkt. 2.2 i dette regulativet.

Minstesatsen vert sett til: kr. 8.450,-

Gebyret omfattar eventuelle synfaringar som vert gjort for å avdekke ulovleg utslepp, i tillegg til oppfølging og vidare behandling av høvesvis pålegg og handsaming av søknad om utslepp etter pålegg frå forureiningsmynda.

I tillegg kan kommunen krevje dekt sine kostnader til sakkunnig bistand.

6.5 Kontrollgebyr/tilsynsgebyr

Der kommunen gjennomfører kontroll/tilsyn vert det kravd eit kontrollgebyr. Kontrollen omfattar tilsyn med at avløpsanlegg fungerer tilfredstillande og at krav som følgjer av dei til ein kvar tid gjeldande lover, forskrifter og vedtak blir følgd. Kontrollen vert gjennomført i samsvar med forureiningslova §§ 48-51 og 7 fjerde ledd.

Kontrollgebyret vert rekna ut etter medgått tid og satsar jf. Pkt. 2.2 i dette regulativet.

Minstesats vert sett til: kr. 5.640,-

7 FORSKRIFT OM GEBYR FOR BEHANDLING AV KONSESJONS- OG DELINGSSAKER AV 14. DES. 2011

Kommunen skal krevja gebyr **etter reglane i forskrifta** for følgjande saker:

- a. Søknader om konsesjon (ervertsløyve) etter lov av 28. nov. 2003 nr. 98 om konsesjon ved ervert av fast eigedom (konsesjonsloven) mv §§2 og 3.
- b. Søknader om delingsløyve etter lov om jord (jordloven) av 12. mai 1995 nr. 23 § 12.

Kommentar:

Det betales et gebyr på kr. 5.000,- for behandling av konsesjonssaker og kr. 2000,- for behandling av delingssaker etter jordlova.

Dersom gebyret openbert er urimeleg i høve til prinsipp om sjølvkost, kan rådmannen eller den som han/ho gjev fullmakt til, av eige tiltak fastsetje eit høveleg gebyr, jfr. kommunal gebyrforskrift pkt. 1.4.

For øvrig gjeld forskrifta vedteke av Statens Landbruksforvaltning av 14. desember 2011.

8 HONORAR FOR ANDRE OPPGÅVER

8.1 Honorar for gjødselplanlegging

- | | |
|--------------------------------------|-------------|
| a. Grunnpris (inkl 10 skifter): | kr. 1.020,- |
| b. Pris pr skifte utover 10 skifter: | kr. 60,- |

8.1.1 Årlig oppdatering

- | | |
|--------------------------------------|-----------|
| a. Grunnpris (inkl 10 skifter): | kr. 810,- |
| b. Pris pr skifte utover 10 skifter: | kr. 30,- |

8.2 Honorar for teknisk planlegging i landbruket

Honorar skal reknast ut etter medgått tid, med følgjande timesatsar:

- | | |
|-----------------------------------------------|-------------|
| a. Kontorarbeid: | kr. 935,- |
| b. Feltarbeid (einskildperson – inkl. reise): | kr. 1.080,- |

8.3 Honorar for informasjonsoppgåver til eigedomsmeklarar

Honorar for fullstendig eigedomsoppgåve: kr. 2.880,-

For at kommunen skal ta honorar føreset det at det er svart innan 14 dagar etter at kommunen har mottatt oppdraget, og det må vere stilt krav om informasjon som går ut over den allminelege rettleiingsplikta til kommunen etter § 11 fyrste leidd i forvaltningslova.